

KUNNGJERING

BKK Produksjon AS – Søknad om overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet i Masfjorden kommune, Hordaland

Søknaden gjeld overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk. Overføringstunnelen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 255 og utslag på LRV i Hommelvatnet på kote 251,9. Det eksisterande inntaket i Hommelvatnet skal utbetrast og det planleggjast installert eit nytt aggregat på 2,1 MW i eit tilbygg til Hommelfossen kraftverk. Årsproduksjonen i kraftverket etter oppgraderinga er berekna til 12,3 GWh. Det er ikkje planlagt nokon endring i dagens regulering av Hommelvatnet.

Kraftverket skal knytast til straumnettet via ei ny 22 kV-linje på omlag 100 m. Eksisterande 22 kV-linje på 4 km frå Hommelfossen til Matre må truleg oppgraderast.

Søknaden med vedlagt miljørapport er tilgjengeleg på NVE si internettside: www.nve.no/vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset på Masfjordnes fram til 20. august 2012.

Dersom det er ønskjeleg med papirutgåve av søknaden, kan ein kontakte BKK Produksjon AS v/Ingri Dymbe Birkeland, telefon 55129046 eller e-post: ingri.birkeland@bkk.no

Fråsegner kan sendast via internett www.nve.no/vannkraft, i e-post til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som muleg og seinast innan **20. august 2012.**